

Til alle skular og barnehagar i Vest-Telemark v/ styrarar og rektorar



## Invitasjon til nettverk 2020 – 2021

### Tema: Leik som regulering

Sidan skuleåret 2017 - 2018 har Vest- Telemark PPT hatt fokus på bruk av leik og fysisk aktivitet som reguleringshjelp for reguleringssvake barn. Det fokuset skal vi fortsatt ha. Vi har gjennomført ei kursrekke og er godt i gang med nettverk for fire puljar ( to for barnehagar og to for skular, 4 g. pr.år). Fleire skular og barnehagar er no i gang med å implementere leik som ein del av det spesialpedagogiske tilbodet. PPT ser på nettverkssamlingane som eit av våre viktige bidrag inn i satsingsområdet «Inkluderande læringsmiljø i barnehage og skule». Vår erfaring er at skular og barnehagar opplever slik reguleringsstøtte som eit nyttig perspektiv og ei etterlengta og praktisk tilnærming til korleis drive «inkluderande læringsmiljø» i praksis.

No er det tid for oppstart av nye nettverk (pulje 3 og 4).

Det er eit mål at nettverket skal vere ein viktig møteplass der deltakarar frå ulike barnehagar og skular kan drøfte krevjande saker, og slik få større innsikt enn ved intern drøfting.

Nettverket vil og vere ein praktisk innfallsvinkel til å forstå teorien som blei presentert i kursrekka PPT var med og arrangerte sist barnehage- / skuleår. (Mellom anna Nevroaffektiv utviklingspsykologi med Susan Hart og Sunshine circles – Theraplay med Marie Olsen Kludt ).

## Innhald og organisering av nettverket:

- Møte 1:
  - Kvar deltakar har «med seg» eit aktuelt barn frå sin barnehage/skule. Dette barnet presenterast kort etter desse punkta:
    - Relasjonar til andre (barn og vaksne)
    - Leikekvaliteten til barnet
    - Reguleringsvansken, kva skjer? når oppstår/oppstår ikkje vansken
    - Kva kjenner den vaksne når barnet er uregulert?
- Møte 2-4:
  - Filmopptak der den vaksne samhandlar med barnet etter gitte oppgåver. Opptaket blir levert PPT i god tid før neste nettverksmøte.
  - Analyse av det vi ser på filmen. Vi vil sjå på samspelet. Målet er å tilby rettleiing som gjer at den vaksne får idear om kva han / ho kan jobbe med i samspelet som vil verke utviklingsstøttande for barnet. (Oppnå metaperspektiv på eige bidrag i samspel med barn). Det er den vaksne som har ansvar for å få til eit godt samspel.

For at deltakarane skal få størst mogleg læringsutbytte kan vi ikkje ha for store grupper. Det er behov for å organisere nettverket inn i ulike puljar med ulik oppstart. Det er ynskjeleg at fleire enn ein frå same arbeidsplass deltek for å sikre implementering i eigen organisasjon. **NB! Pga. koronasituasjonen vil nettverka bli gjennomført på Kviteseid kommunehus – kommunestyresalen 3. høgda. Kvar skule/barnehage utgjer ein kohort.**

### Barnehagefolk !

**Pulje 3: Oppstart 16.okt.2020 kl. 12:00-14:00** Andre samling: 04.12.20 Tredje samling: 12.02.21, siste samling 16.04.21. Same klokkeslett kvar gong.

**Pulje 4: Oppstart 19. mars kl 12:00-14:00.** Andre samling 07.05.21.. Same klokkeslett kvar gong. Datoar haust 21 blir avklara seinare

### Skulefolk!

**Pulje 3: Oppstart 16.10.2020 kl. 09:00-11:00**, Andre samling: 04.12.20 Tredje samling: 12.02.21, siste samling 16.04.21. Same klokkeslett kvar gong.

**Pulje 4: Oppstart 19.mars 2021. kl. 09:00-11:00**, Andre samling: 07.05.21.. Same klokkeslett kvar gong. Datoar haust blir avklara seinare

Påmelding: [ppt@vest-telemark.no](mailto:ppt@vest-telemark.no)

Med beste helsing

Sissel Bronken, leiar Vest-Telemark PPT